

Budsjett 2017

Medisinsk klinikk  
Helse Førde HF

## INNHALD

1	Samandrag .....	3
2	Status og omstilling .....	4
3	Økonomi .....	5
4	Aktivitet .....	10
5	Bemanning.....	13
6	Budsjettprosess .....	13

# 1 Samandrag

Medisinsk klinikk legg til grunn ei netto budsjetttramme på 381,312 millionar kroner for 2017.

## Budsjettekniske føresetnader

Det er tatt omsyn til føringar som gjeld endring i kostnadsbilete for drifta i 2017:

Lønnskostnader justert med deflator på 2,7 prosent, som også skal omfatte lønsgliding.

Driftskostnader er justert med deflator på 2,3 prosent.

Inntekter er generelt justert med deflator på 2,6 prosent. Polikliniske takstar for laboratoria og røntgen er justert med 0,6 prosent. Eigenandelane justert med 3,9 prosent.

Inntekter frå innsattsstyrt finansiering (ISF) er auka med 1,9 prosent.

Reduksjon i pensjonskostnad på 35,7 millionar kroner. Gjeld i hovudsak 2016, men vart då budsjettert på budsjetteknisk område.

## Driftsøkonomi

Med utgangspunkt i ei vidareføring av budsjett for medisinsk klinikk i 2016, samt eit innsparingskrav på 6,4 millionar kroner grunna auka felleskostnader i Helse Førde, har vi komme fram til følgjande budsjetttramme for 2017:

<b>Budsjetttramme 2017 Medisinsk Klinikk</b>	
<b>Nettokostnader budsjett 2016</b>	<b>442 764</b>
Endra pensjonskostnad	- 35 753
Endring MVA ordning	- 38 858
Prisendringar	9 247
Legemiddel overført til ISF ordninga, inntektsauke	- 12 435
Kostnader nye pasientadministrative medikament overført til helseføretaka	12 400
Redusert vektning ISF høgkostmedikament, inntektsreduksjon	6 278
Kompensasjon inntekter nukleærmedisin	900
Kompensasjon behandlingshjelpemiddel	700
Kompensasjon innføring nye kreftmedikament	3 000
Krav til inndekking	- 6 400
Flytting av ramme mellom klinikkane	- 531
<b>Sum nettokostnader - ramme 2017</b>	<b>381 312</b>

Risikoen i budsjettet er relativt høg då det meste av aktiviteten/inntektene til klinikken er knytt opp mot øyeblikkeleg hjelp på tre sjukehus, og drift av laboratoria/røntgen for å kunne støtte opp om klinisk aktivitet innan medisinsk klinikk, kirurgisk klinikk og psykisk helsevern.

## Aktivitet

Medisinsk klinikk budsjetterer ei vidareføring av aktivitet med omsyn til dag- og poliklinikk frå prognose 2016. Inneliggande pasientar (ØH-pasientar), blir i hovudsak budsjettert med eit snitt på dei tre siste åra.

## 2 Status og omstilling

Medisinsk klinikk inneheld kliniske og diagnostiske avdelingar.

Dei diagnostiske avdelingane radiologi, patologi, mikrobiologi, medisinsk biokjemi med blodbank og lærings- og meistringsenter med behandlingshjelpemiddel yter sørvis til alle klinikkar, psykisk helsevern og kommunane.

Alle laboratoria har utfordrande rekrutteringssituasjon når det gjeld legar og bioingeniørar. For å kunne oppretthalde tilbodet som i dag, er det viktig å ha stort fokus på rekruttering i 2017, noko budsjettframlegget i noko grad tek høgde for.

I 2016 har tal døgnopphald ved dei medisinske sengepostane i Lærdal og Førde gått tilbake. Det er litt uklart kva som er årsaka, men truleg spelar kortare ventetider på poliklinikkar og oppgåvegledning mot kommunale tenester ei rolle. Vi har dessutan fått elektroniske verktøy som til ei kvar tid syner ledige senger.

Døgnprosjektet, som eitt av elementa i pasientens helsteneste, skal tilpassa sengepostane våre til den endra situasjonen. Aktivitetsstyrt bemanning, tilpassing av bemanningsplanar, betre samhandling mellom dei ulike fagområda i sengepostane og det nyoppretta bemanningssenteret vil også føra til økonomiske gevinstar.

Tett samarbeid mellom KULE-prosjektet (kurve og legemiddellogistikk) og døgnprosjektet muliggjer optimal gevinstrealisering ved innføring av klinisk IKT.

Eit nyoppretta prosjekt infusjonspoliklinikk, skal sjå på betre pasienttryggleik og ressursutnytting innanfor dagbehandling ved Førde sentralsjukehus. I dag er dagbehandlinga spreidd på ulike poliklinikkar.

Prosjektet «Alle møter» er i stor grad implementert i dagleg drift på poliklinikkane. Men det er framleis fokus på logistikk og langtidsplanlegging med mål om ytterlegare forbetring. Vekentlege rapportar om ventelistesituasjon, tilvisingar og mogelege uønskte hendingar fram i tid, legg betre til rette for ei god inntaksplanlegging på alle poliklinikkar.

Behandling av kreft utviklar seg stadig, og det blir innført nye og dyrare behandlingar til kvar tid. I 2017 er det særleg nye metodar til diagnostikk og behandling av lungekreft som kjem til å påverka kostnadene i medisinsk klinikk. Det gjeld både diagnostiske avdelingar og kreftmedikament.

Nokre nye område utanfor kreftområdet vert lagt inn under høgkostfinansieringa. Det er usikkert korleis dette vil påverka kostnadsbiletet til klinikken.

Kostnader til behandlingshjelpemiddel har auka sterkt dei siste åra. Dette har samanheng med teknologisk utvikling innanfor behandling av kronisk sjukdom utanfor sjukehusa. Det er til kvar tid over 4000 pasientar heimehørande i kommunane som vi forsyner med medisinskteknisk utstyr og forbruksvarer. I budsjettet har vi styrka styring og koordinering av dette området, og tilført ny kompetanse.

Medisinsk klinikk har fortløpande fokus på forskning. Klinikken deltek innanfor satsingsområda til Helse Førde, og har forskingsprosjekt innanfor mikrobiologi, revmatologi og kreft. I tillegg deltek vi aktivt i multisentrisk legemiddelforskning innanfor kreft og medisin.

### 3 Økonomi

#### Føresetnader i budsjett 2017

Føresetnader for budsjett 2017 er ei vidareføring av tilboda i 2016, med netto prisendring på 9,2 millionar kroner og reduksjon i pensjonskostnad på 35,7 millionar. I høve årsprognose for drifta i 2016 er det i budsjettet for 2017 innarbeidd tiltak for 25,7 millionar kroner.

Årsprognose for 2016 per september er grunnlaget for tiltaka i budsjettet 2017. Det er lagt inn ein lønsvekst på 2,7 prosent, inkludert lønsoverheng, gliding og lønsoppgjeret for 2017. Det er lagt inn 2,3 prosent prisauke på varekostnader og andre driftskostnader.

ISF-inntektene er justert opp med 1,9 prosent. DRG-pris for 2017 er på kroner 42 879.

Utover dette er det nytta ei generell prisjustering på inntektene på 2,6 prosent.

Prisendringar på 9,2 millionar kroner er summert i følgjande tabell:

<b>Prisendring</b>	
Lønsvekst 2017: 2,7%	12 886
Prisvekst kostnader 2017: 2,3%	4 084
Prisjustering ISF 2017: 1,9%. Ny pris kr. 42 879	- 5 431
Prisendring andre inntekter 2017	- 2 291
<b>Sum prisendringar</b>	<b>9 247</b>

#### Ramme 2017

Med bakgrunn i gitte føresetnader, blir ramma for klinikken som følgjande:

<b>Budsjettramme 2017 Medisinsk klinikk</b>	
<b>Nettokostnader budsjett 2016</b>	<b>442 764</b>
Endra pensjonskostnad	- 35 753
Endring MVA ordning	- 38 858
Prisendringar	9 247
Legemiddel overført til ISF ordninga, inntektsauke	- 12 435
Kostnader nye pasientadministrative medikament overført til helseføretaka	12 400
Redusert vektning ISF høgkostmedikament, inntektsreduksjon	6 278
Kompensasjon inntekter nukleærmedisin	900
Kompensasjon behandlingshjelpemiddel	700
Kompensasjon innføring nye kreftmedikament	3 000
Krav til inndekking	- 6 400
Flytting av ramme mellom klinikkane	- 531
<b>Sum nettokostnader - ramme 2017</b>	<b>381 312</b>

Frå 2017 får alle helseføretaka kompensert for moms. Driftsutgiftene for klinikken blir redusert tilsvarande. For medisinsk klinikk utgjør dette 38,858 millionar kroner.

Frå 2017 blir finansieringa av ei rekke pasientadministrert legemiddel overført frå ramme til innsatsstyrt finansiering (ISF). Klinikken får auka sitt budsjett med 591 DRG-poeng, tilsvarande ein inntektsauke på 12,435 millionar kroner. Følgjande legemiddel blir overført:

Pasientadministrert legemiddelbehandling ved hepatitt C-infeksjon
Pasientadministrert legemiddelbehandling ved veksthormonmangel
Pasientadministrert legemiddelbehandling ved eggstokk-kreft
Pasientadministrert legemiddelbehandling ved blodkreft (follikulært lymfom, kronisk lymfatisk leukemi)
Pasientadministrert legemiddelbehandling ved blodkoagulasjonsfaktorer
Pasientadministrert legemiddelbehandling med immunstimulerende legemidler
Pasientadministrert legemiddelbehandling med anemilegemidler

Tilsvarende får klinikken auka sitt medikamentbudsjett med 12,4 millionar kroner.

På grunn av omlegging til momsrefusjon blir prising av høgkostmedikament i ISF-ordninga redusert med om lag 28 prosent. Dette gir ein inntektsreduksjon på 6,278 millionar kroner for 2017.

Klinikken får i ramma kompensert for bortfall av inntekt til nukleærmedisin (+ 900 000), auke i kostnader til behandlingshjelpemiddel (+ 700 000) og innføring av nye kreftmedikament til lungekreftbehandling (+3 mill).

På grunn av auke i felleskostnader får klinikken eit krav til ekstra inndecking på 6,4 millionar kroner.

Posten for overføring til andre klinikkar omfattar matvertar (medisinsk og kreftsengepostar) til stab og støtte, og heilårsverknad med flytting av ortopediske sekretærer ved LSH over til kirurgisk klinikk.

Tiltak 2017

Med utgangspunkt i tildelt ramme må medisinsk klinikk redusere nettokostnadene med drifta med **25,7** millionar kroner i høve årsprognosen for 2016.

<b>Nye tiltak 2017</b>	
ISF - inntekt, auke	4 734
Laboratorie inntekter, auke	1 586
Varekost, reduksjon av kostnader	847
Tiltak behandlingshjelpemiddel, reduksjon kostnader	2 940
Innleie arbeidskraft, reduksjon kostnader	1 835
Lønn fast tilsett/vikar, reduksjon kostnader	3 298
Stopp prosjektbetaling kveldspoliklinikkar, reduksjon kostnader	1 060
Prosjekt DØGN, samt gjevinstrealisering av alle IKT system - halvår, reduksjon kostnader	7 000
Prosjekt LEGEPLAN. Gjennomgang vaktordingar legar - halvår, reduksjon kostnader	2 000
Prosjekt LEGEPLAN. Gjennomgang kjøp av dyre timar legar - halvår, reduksjon kostnader	2 000
Reduksjon kostnader utstyrskjøp/reiser	900
Reduksjon kostnader konsulentteneste	500
Auke medikamentkostnad	- 3 000
<b>Sum endringar</b>	<b>25 700</b>

ISF-Inntekter (4 734 000):

Det er samla budsjettert med ein auke på 225 DRG-poeng i 2017 i høve prognose 2016. For dei medisinsk sengepostane ved FSS, LSH og ANRR er det nytta gjennomsnitt aktivitetstal for dei tre siste åra. For sengepostane ved barn, kreft og medisin NSH har vi vidareført årsprognosen for 2016.

Laboratorieinntekt (1 586 000):

Auken i laboratorieinntekter kjem frå nye analysar som blir innført ved mikrobiologisk avdeling (PCR, Quantiferon) og auka aktivitet ved installasjon av MR-røntgenmaskin nummer to ved FSS.

Varekost (847 000):

Netto innsparing på 847 000 kroner. Starte prosjekt for redusert tilgang til rekvirering av prøvar ved kliniskkjemisk laboratorium. Auke i varekostnad ved mikrobiologi og patologi pga. nye molekylæranalysar og nye analysar for immunhistokjemi.

Tiltak behandlingshjelpemiddel (2 940 000):

I samhandling med legespesialistane innanfor ulike fagområder vil klinikken gjennomføre ein kritisk gjennomgang av alle tiltak innan behandlingshjelpemiddel. Målet er ein reduksjon av kostnadene knytt til insulinpumpebehandling, CPAP-behandling, berbare konsentratorar og transport av oksygen.

Innleie arbeidskraft (1 835 000):

Det er i 2017 planlagt reduksjon i innleie frå firma for kreftlegar og nevrologar.

Løn til fast tilsette/vikarar (3 298 000):

Reduksjon av lønskostnad ved og ikkje tilsetje i stillingar for fysikalsk medisinar, sosionom, ergoterapeut, fysioterapeut, sekretær, indremedisinar FSS og hjelpepleiar.

Auke av lønskostnad til patologi og mikrobiologi som ein konsekvens av heilårsverknad av tilsetjingar i 2016 og naudsynt legespesialistrekruttering.

Stopp prosjektbetaling kveldspoliklinikk (1 060 000):

Ved røntgen NSH, nevrologi, medisin og hud har det vore relativt kostbare betalingsordningar for kveldspoliklinikk. Desse avtalane er sagt opp.

Prosjekt Døgn (7 000 000):

Det er budsjettert med eit mål om å spare 8 prosent av personalkostnadene på sengepostane i klinikken. Samla årsverknad blir på 14 millionar kroner. Innsparinga vil bli både på innleige frå firma, overtid/dyre timar og vikarar/fast tilsette. Prosjektet er no i startfasen.

Prosjekt Legeplan (til saman 4 000 000):

Her er det budsjettert med eit samla innsparingspotensiale på 8 millionar kroner på årsbasis. I prosjekt legeplan må ein gjennomføre ei kritisk vurdering av vaktordningar og kjøp av «dyre» timar.

Reduksjon utstyrskjøp/reiser (900 000):

Samla reduksjon av kostnader til inventar, mindre utstyr, IKT-utstyr, møtekostnader og reisekostnader.

Reduksjon kjøp av konsulentteneste (500 000):

Avtale med sjukehusapoteket om bistand i gjennomgang av kostbare medikament er gjennomført og avslutta.

Auke medikamentkostnad (3 000 000):

Innføring av nye medikament til lungekreftbehandling.

Klinikken har risikovurdert tiltaka, som vist i tabellen nedafor. Det er høgt fokus på risikoredusering. Det er mellom anna etablert ei arbeidsgruppe samansett av controllerar, økonomidirektør, viseadministrerende direktør, klinikkdirektørar og prosjektleiarar.

Tiltak 2017	Risiko
ISF - inntekt, auke	Høg
Laboratorie inntekter, auke	Liten
Varekost, reduksjon av kostnader	Middels
Tiltak behandlingshjelpemiddel, reduksjon kostnader	Høg
Innleie arbeidskraft, reduksjon kostnader	Middels
Lønn fast tilsett/vikar, reduksjon kostnader	Liten
Stopp prosjektbetaling kveldspoliklinikk, reduksjon kostnader	Liten
Prosjekt DØGN, samt gjevinstrealisering av alle IKT system - halvår, reduksjon kostnader	Høg
Gjennomgang vaktordningar legar - halvår, reduksjon kostnader	Høg
Gjennomgang kjøp av dyre timar legar - halvår, reduksjon kostnader	Høg
Reduksjon kostnader utstyrskjøp/reiser	Middels
Reduksjon kostnader konsulentteneste	Liten
Auke medikamentkostnad	Høg

Med utgangspunkt i endringar i ramme, prisjusteringar og nye tiltak blir budsjettet for medisinsk klinikk i 2017 som følgjande:

Medisinsk klinikk	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-B16
Basisramme	- 21 693	- 22 236	- 22 236	- 22 814	- 578
ISF egne pasientar	- 250 882	- 256 316	- 249 619	- 259 176	- 2 860
ISF kostnadskrevjande legemiddel	- 27 831	- 26 224	- 22 422	- 29 120	- 2 897
Gjestepasientinntekter	- 4 704	- 4 862	- 3 454	- 3 519	1 343
Polikliniske inntekter	- 25 482	- 26 794	- 23 957	- 25 731	1 063
Utskrivingsklare pasientar	- 632	- 376	- 363	- 372	4
Øymerka tilskot "Raskare tilbake"	- 2 310	- 2 345	- 2 356	- 2 417	- 72
Andre øymerka tilskot	- 3 171	- 1 706	- 2 334	- 2 395	- 689
Andre driftsinntekter	- 37 575	- 39 910	- 40 072	- 41 263	- 1 353
<b>Driftsinntekter</b>	<b>- 374 280</b>	<b>- 380 770</b>	<b>- 366 813</b>	<b>- 386 809</b>	<b>- 6 039</b>
Kjøp av offentlege helsetenester	6 608	5 921	5 820	5 954	33
Kjøp av private helsetenester	37	17	13	14	- 3
Varekostnader	165 690	179 788	183 955	162 304	- 17 483
Innleige av personell	10 285	12 239	9 102	5 913	- 6 327
Løn til fast tilsette	391 640	404 852	414 489	415 545	10 693
Overtid og ekstrahjelp	39 400	38 329	39 994	35 543	- 2 786
Pensjon	107 840	122 552	122 552	86 800	- 35 753
Offentlege tilskot og refusjonar - arbeidskraft	- 24 068	- 17 607	- 20 723	- 21 282	- 3 675
Anna løn (inkl. arbeidsgjevaravgift)	59 102	60 778	62 317	62 929	2 151
Andre driftskostnader	19 686	16 665	17 427	14 402	- 2 263
<b>Driftskostnader</b>	<b>776 220</b>	<b>823 534</b>	<b>834 946</b>	<b>768 121</b>	<b>- 55 413</b>
Finanskostnader	116				
<b>Sum</b>	<b>402 056</b>	<b>442 764</b>	<b>468 134</b>	<b>381 312</b>	<b>- 61 452</b>

Rammer pr. avdeling:

Medisinsk klinikk	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-B16
Serviceseksjon LSH - Medisinsk serviceseksjon FSS	21 056	21 423	21 937	20 464	- 959
Patologisk avdeling	15 032	15 622	16 337	16 717	1 095
Laboratorie for medisinsk biokjemi og blodbank	49 897	53 340	55 042	48 500	- 4 840
Mikrobiologisk avdeling	17 954	17 973	18 746	18 177	204
Radiologisk avdeling	50 261	57 829	58 159	52 111	- 5 718
Lærings- og meistringssenter	22 171	18 887	23 219	17 315	- 1 573
<b>Sum diagnostiske/service avdelingar</b>	<b>176 373</b>	<b>185 075</b>	<b>193 440</b>	<b>173 284</b>	<b>- 11 791</b>
Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering	37 787	37 995	42 772	30 134	- 7 861
Felles medisin, inkl høgkostmedikament	32 636	48 088	49 083	26 012	- 22 076
Barne avdeling	38 200	38 264	38 079	35 405	- 2 859
Hud avdeling	3 199	3 223	4 155	2 771	- 452
Medisinsk avdeling	87 392	104 034	108 752	86 336	- 17 698
Kreft avdeling	26 468	26 086	31 852	27 370	1 285
<b>Sum kliniske avdelingar</b>	<b>225 684</b>	<b>257 689</b>	<b>274 693</b>	<b>208 028</b>	<b>- 49 661</b>
<b>Sum Medisinsk klinikk</b>	<b>402 056</b>	<b>442 764</b>	<b>468 134</b>	<b>381 312</b>	<b>- 61 452</b>

Det har vore gjennomført detaljert budsjettarbeid innanfor alle avdelingane innanfor medisinsk klinikk. Utgangspunktet har vore ei vidareføring av drifta i 2016. Verknadene av tiltak som ein konsekvens av prosjekt døgn og prosjekt legeplan, er no lagt på området for felles medisin i budsjett 2017. Innan 1. mai 2017 skal tiltaka fordelast ned på den enkelte avdeling/seksjon/eining.



Arbeidet med budsjett 2017 har teke utgangspunkt i årsprognosen for 2016. Det er mange endringar som er lagt inn i budsjettet i høve drifta i 2016, dette knytt til moms, prisjusteringar, nye ordningar høgkost, pensjon og innsparingstiltak.

På inntektssida er endringane forklart i følgjande tabellar. Det er berre område med korrigeringar utover pris- og lønnsjustering som er lista opp:

<b>Endring ISF-inntekt: Budsjett 2017 - Prognose 2016</b>	
Prisjustering DRG-pris	- 4 823
Auka aktivitet med 225 drg-poeng	- 4 734
Sum endringar	- 9 558

<b>Endring ISF-inntekt kostnadskrevande legemiddel: Budsjett 2017 - Prognose 2016</b>	
Prisjustering DRG-pris	- 542
Reduksjon av drg-poneg grunna endra vektning (moms kompensasjon)	6 270
Nye medikament som blir ISF finansiert	- 12 427
Sum endringar	- 6 699

<b>Endring polikliniske inntekter: Budsjett 2017 - Prognose 2016</b>	
Prisjustering	- 188
Auke inntekt mikrobiologi og røntgen	- 1 586
Sum endringar	- 1 774

<b>Endring andre inntekter: Budsjett 2017 - Prognose 2016</b>	
Prisjustering	- 1 266
Flytting av inntekt frå medisinsk til kirurgisk klinikk, sekretær teneste privat ØNH ved Lærdal sjukehus	203
Sum endringar	- 1 063

Varekostnad har følgjande endringar:

<b>Endring varekost (-innleie frå firma): Budsjett 2017 - Prognose 2016</b>	
Prisjustering	3 370
Nye pasientadministrative legemiddel overført til helseføretaka	12 400
Korrigering endra MVA	- 36 633
Tiltak endra varekostnad	- 847
Tiltak behandlingshjelpemiddel	- 2 940
Auka kostnad kreftmedikament	3 000
Sum endringar	- 21 650

Personalkostnad har følgjande endringar:

<b>Endring innleidd arbeidskraft: Budsjett 2017 - Prognose 2016</b>	
Prisjustering	196
Tiltak prosjekt Døgn	- 1 000
Tiltak prosjekt Legeplan	- 500
Tiltak redusert innleie	- 1 035
Tiltak endring lønn fast tilsette/vikarar	- 350
Sum endringar	- 2 689

<b>Endring lønn til fast tilsette-vikarar: Budsjett 2017 - Prognose 2016</b>	
Prisjustering	10 925
Flytting av ramme mellom klinikkane	- 678
Tiltak prosjekt Døgn	- 3 000
Tiltak prosjekt Legeplan	- 1 500
Tiltak stopp prosjektbetaling kveldspoliklinikk	- 910
Tiltak redusert innleie	- 700
Tiltak endring lønn fast tilsette/vikarar	- 2 496
Sum endringar	1 641

<b>Endring overtid og ekstrahjelp: Budsjett 2017 - Prognose 2016</b>	
Prisjustering	934
Tiltak prosjekt Døgn	- 3 000
Tiltak prosjekt Legeplan	- 2 000
Sum endringar	- 4 066

## 4 Aktivitet

Aktivitet - Medisinsk Klinik		Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17 - B16
DRG-poeng døgn/dag/poliklinikk	A	12 071	12 026	11 708	11 933	-93
DRG-poeng biologiske legemiddel	A	1 340	1 246	1 066	1 358	112
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar), B	B	142	144	103	103	-41
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	A+B	13 553	13 416	12 877	13 394	-22
DRG-poeng pasientar behandla i andre regionar, Feiring	C	139	156	156	156	0
Sum DRG-poeng, ISF inntekt	A+C	13 550	13 428	12 930	13 447	19
Tal dagbehandling		7 853	7 860	7 218	7 218	-642
Tal sjukehusopphold / heildøgnsopphald		9 834	9 720	9 419	9 669	-51
Tal polikliniske konsultasjonar		54 234	52 900	55 010	55 010	2 110

I høve prognose for 2016 er det ein auke med 518 DRG-poeng:

Auke B17 i høve P16:	
Medisinsk sengepost FSS	157
Nevrologisk sengepost	58
Medisinsk sengepost LSH	10
Biologiske legemiddel	293
<b>Sum</b>	<b>518</b>

Det er ikkje lagt inn noko endring som konsekvens av endra vekting av DRG-poeng (med unntak av høgkostmedikament). Dette vil eventuelt bli korrigert på seinare tidspunkt.

Kjøp av tenester på Feiringklinikken er vidareført i høve prognose.

Budsjettert tal dagbehandling innanfor dei ulike einingane i klinikken syner følgjande:

Dagopphald-dagbehandling	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-B16
Dialyse Førde	2 584	2 586	2 502	2 502	-84
Dialyse Lærdal	1 134	1 171	944	944	-227
Dialyse Eid	1 260	1 268	960	960	-308
Medisinsk seksjon Førde	38	36	37	37	1
Revmatologisk seksjon	0	0	0	0	0
Kreft poliklinikk	2 414	2 412	2 420	2 420	8
Hud poliklinikk Førde	13	13	11	11	-2
Hud poliklinikk Lærdal	0	0	1	1	1
Hud poliklinikk Eid	2	1	1	1	0
Barne poliklinikk Førde	21	20	24	24	4
Medisinsk poliklinikk Førde	8	6	21	21	15
Medisinsk poliklinikk Lærdal	134	114	131	131	17
Medisinsk poliklinikk Eid	242	230	166	166	-64
Nevrologisk poliklinikk Førde	3	3	0	0	-3
<b>Sum dagopphald</b>	<b>7 853</b>	<b>7 860</b>	<b>7 218</b>	<b>7 218</b>	<b>-642</b>

Nedgangen frå 2015 til 2016, og budsjett 2017, er i hovudsak innanfor dialyse. Tal frå medisinsk poliklinikk LSH og NSH er i hovudsak dagpasientar innanfor kreft.

I budsjett for tal heildøgnsopphald har ein vidareført prognosen for sengepostane barn, medisin NSH og kreft. Det er nytta gjennomsnitt i tre år for medisinsk sengepost FSS, medisinsk sengepost LSH og nevrologisk sengepost.

Heildøgnsopphald	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-B16
Barne sengepost Førde	694	673	716	716	43
Medisinsk sengepost Førde	4 058	3 970	3 656	3 824	-146
Medisinsk sengepost Lærdal	1 362	1 326	1 280	1 294	-32
Medisinsk sengepost Eid	1 643	1 589	1 779	1 779	190
Kreft sengepost	704	722	716	716	-6
Sengepost AFMR, nevro og revmatologi	1 373	1 440	1 272	1 341	-99
<b>Sum heildøgn opphald</b>	<b>9 834</b>	<b>9 720</b>	<b>9 419</b>	<b>9 669</b>	<b>-51</b>

I budsjett for poliklinisk aktivitet har ein i utgangspunktet vidareført prognose for 2016.

Polikliniske konsultasjonar	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Prognose 2016	Budsjett 2017	Endring B17-B16
Pediatrikk poliklinikk Førde	3 597	3 563	3 884	3 884	321
Pediatrikk poliklinikk Eid	356	352	369	369	17
Pediatrikk poliklinikk Lærdal	832	848	141	141	-708
Hud poliklinikk samla	17 900	17 665	16 913	16 913	-752
Medisinsk poliklinikk Førde	9 935	9 699	10 549	10 549	850
Medisinsk poliklinikk Eid	4 573	4 405	5 626	5 626	1 221
Medisinsk poliklinikk Lærdal	2 550	2 555	2 647	2 647	92
Medisinsk poliklinikk Florø	310	130	259	259	129
Kreft poliklinikk	2 770	2 822	2 501	2 501	-321
Barnehabilitering	171	162	226	226	64
AFMR	1 017	1 001	1 209	1 209	208
Nevrologisk poliklinikk	4 171	4 015	4 392	4 392	377
Revmatologisk poliklinikk	6 032	5 667	6 253	6 253	586
Rehabilitering Eid	20	16	40	40	24
<b>Sum poliklinikk</b>	<b>54 234</b>	<b>52 900</b>	<b>55 010</b>	<b>55 010</b>	<b>2 110</b>

## 5 Bemanning


### Månadsverk

Tabell under syner utvikling av netto månadsverk per avdeling i medisinsk klinikk, dette med utgangspunkt i budsjetterte stillingar som skal stå ledige, nye stillingar og heilårsverknader. Det er ikkje lagt inn verknader av prosjekt døgn og prosjekt legeplan, då desse per dags dato ikkje er fordelt på avdeling.

Medisinsk klinikk - Netto månadsverk	nov.16	Snitt 16	Budsjett 2017	Endring
(0782F) Avdeling for Nevrologi, Revmatologi og Rehabilitering	91	92	88	-4
(0783F) Avdeling for patologi	15	15	16	1
(0785F) Barneavdeling	64	63	63	0
(0807F) Hud avdeling	15	15	15	0
(0838F) Kreftavdelinga	45	45	45	0
(0841F) Lab. medisinsk biokjemi og blodbank	55	54	54	0
(0847F) Lærings- og meistringssenter	8	8	8	0
(0850F) Medisinsk avdeling	251	248	247	-1
(0859F) Medisinsk Serviceseksjon Førde	27	28	27	0
(0861F) Mikrobiologisk avdeling	18	20	21	1
(0901F) Radiologisk avdeling	62	62	62	0
(0919F) Serviceseksjon Lærdal	6	7	7	0
(410300F) Klinikk medisin felles	3	3	3	0
<b>Sum Medisinsk klinikk</b>	<b>659</b>	<b>658</b>	<b>655</b>	<b>-4</b>

### Sjukefråvær

Sjukefråværet i medisinsk klinikk har stabilisert seg rundt 6 prosent siste halvåret. Målet for klinikken er å nærme seg 5 prosent fråvær.



## 6. Budsjettprosess

Det har sidan april vore møte med alle avdelingar. Kvar avdeling har utarbeidd budsjettframlegg innanfor si tildelte ramme, med deltaking av tillitsvalde og verneteneste.

Prosess vedr. budsjett 2017		
Møtedato	Deltakarar	Tema
april	Alle leiarar Medisinsk klinikk	Prognose 1 - 2016
august -september	Avdelingssjefar, sekjersonsleiarar, einingsleiarar	Oppfølgingsmøte med kvar enkelt avdelingssjef, budsjett og prognose 2
21. september	Avdelingssjefar	Budsjettbestilling frå klinikkdirektør med skisserte krav
28. september	Avdelingssjefar	Aktivitetsbudsjett sengepostane
oktober-november	Avdelingssjefar, sekjersonsleiarar, einingsleiarar, tillitsvalde, vo	Avdelingsvis budsjettarbeid i tråd med utsendte rammer med involvering av verneombod og tilsette organisasjonar
17. oktober	Alle leiarar i klinikkråd	Gjennomgang status
7. november	Tillitsvalde og klinikkverneombud	Informasjonsmøte tillitsvalde status budsjett 2017
14. november	Tillitsvalde og klinikkverneombud	Drøftingsmøte budsjett 2017
14. november	KAMU	Informasjon om status budsjett 2017
16. november	Alle leiarar i klinikkråd	Informasjon om status budsjett 2017